



Carsten Mrusek vert den nye soknepresten i Uskedalen.

Carsten Mrusek har takka ja til å vera sokneprest i Uskedalen. Saman med familien bur han i Jondal og fungerer som sokneprest i Utne, Skare og Røldal. Mrusek kjem frå Bremenområde i Tyskland, er utdanna og har vore prest i Den katolske kyrkja. Han fann kjærleiken i Noreg, flytta hit, konverterte, tok utdanning og vart prest i Den norske kyrkja.

Carsten Mrusek (f. 1970) gler seg til å koma til Uskedalen og Kvinnherad. Kona kjem frå Fitjar og saman har dei to døtre, på 5 og 7 år. Dei vil inntil vidare halda fram å bu i Jondal. Carsten hadde i si tid praksis på Stord før han gjorde presteteneste i Nordfjord (Måløy og Nordfjordeid). Så gjekk turen til Jondal og Hardanger og Voss prosti.

Mrusek har ei solid utdanning og praksis. Han studerte fyrst jus og seinare teologi før han vart katolsk prest. Ved overgangen til Noreg måtte han ta fag på Unversitetet i Tromsø før han tok utdanning på Misjonshøgskulen i Stavanger. Han vart ordinert av biskop Halvor Nordhaug i 2012.

Carsten Mrusek tek til i stillinga i september. Innsetjingsgudstenesta kan koma til å bli søndag 20. september i Uskedal kyrkje.

Prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen, hadde gudstenesta i Uskedalen sist søndag. Der vart det orientert om tilsetjinga. Formelt sett er det eit vikariat, men truleg vert det ein fast stilling.

Straks redaksjonen har bilete av Carsten Mrusek, vert det lagt ut på saka.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Einar Gjertsen